



LINDÅS KOMMUNE
Areal- og miljøavdelinga
5914 Istdalstø

Arkiv: 044/039
Saksmappe: 03/01603-12
Sakshandsamar: Tore Svendsen

Bygg Team AS

5957 MYKING

ARKIV

Saksnr	Sakstype	Vedtaksdato
231/04	<i>Delegert sak handsama av avdelingssjefen</i>	25.06.2004

Byggjesak - Bustad - Nybygg

Søknad om avløpsløyve

May-Britt Carlsen - Gnr 044 Bnr 039, 040 Skaug

Dokument :

Søknad om løyve til tiltak, motteken(komplett) 22.06. 2004.

Søknad om utsleppsløyve, motteken 21.05. 2004.

- perspektivteikningar, dataprodusert, ikkje i målestokk
- situasjonsplan i målestokk 1: 1000
- kvittering for send nabovarsel
- søknad om lokal godkjenning av føretak
- søknad om ansvarsrett
- kontrollplan for prosjektering, VVS
- kontrollplan for utføring, VVS
- kontrollerklæring for prosjektering, VVS
- div skriv
- delegert sak 262/03
-

Saksutgreiing :

Søknaden gjeld oppføring av bustadhus, i to plan, samt utsleppsløyve via minireinseanlegg. Utsleppsløyve vert handsama som eige punkt nedanfor.

Løyve til å anlegga tilkomstveg og planering av tomta vart godkjent som sak 262/03, 19.09.03. Ansvarleg føretak for utvendig røyrarbeid vart ikkje godkjent som KUT. Søknad på anna føretak skulle sendast inn(sjå sak 262/03 under "Godkjenningar").

Det vert søkt om ansvarsrett utan naudsynt kompetanse, for utstikking/innmåling. Det er inngått avtale med Lindås kommune, Geo avd. med å utføre dette arbeidet. Dette er stadfesta av avdelinga.

Vurdering:

Avdelingssjefen har ingen merknader til søknaden.

Vedtak:

Søknaden om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 93, vert godkjent i samsvar med innsende teikningar, planar og utgreiingar elles på følgjande vilkår:

1. Byggjet skal plasserast med o k golv første etasje på kote **45.5**. Kontroll av plassering og høgd, skal dokumenterast av kontrollansvarleg før murerarbeida vert sett i gong (Plan- og bygningslova § 70 nr.1).

2. Søknad som ansvarleg KUT for utvendig VVS anlegg, skal sendast inn, jfr sak 262/03.
3. Tiltaket må ikke takast i bruk før mellombels bruksløyve/ferdigattest er gjeve (pbl § 99).

I samsvar med Plan- og bygningslova § 93 jfr. § 95, vert det ikke tillate å setja i gang arbeid før **punkt 2** i vedtaket er stetta.

I medhald av "Forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg" § 4, jfr "Lokal forskrift" godkjent av kommunestyret 08.05.03, vert søknaden om utslepp av kloakk via minireinseanlegg, godkjent på følgjande vilkår:

- Minireinseanlegget skal vera kl 1, biologisk og kjemisk reinsing
- Det skal sendast inn søknad som ansvarleg føretak, PRO/KPR/UTF/KUT, for avløpsanlegget
- At det vert inngått serviceavtale for minireinseanlegget. Kopi sendast byggjesaksavdelinga, seinast ved førespurnad om ferdigattest/bruksløyve

I samsvar med Plan- og bygningslova § 93 jfr. § 95, vert det ikke tillate å setja i gang arbeid før **andre strekpunkt** i vedtaket er stetta.

Arbeida, både med bustadhus og avløpsanlegg, må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år(jf. pbl. § 96).

Godkjenningar (Pbl §§ 93 b, 98 og 98 a)

Bygg Team A/S, 5957 Myking, vert godkjent som ansvarleg PRO/KPR og som ansvarleg UTF/KUT inklusiv naudsynte installasjonar, t d ventilasjon, eldstad, pipe. Vidare som ansvarleg føretak for utstikking/innmåling på **vilkår** at Geo avd. v/Lindås kommune utfører arbeidet.

Lindås Rør & Sanitær A/S, 5914 Isdalstø, vert godkjent som ansvarleg føretak for all VVS arbeid, innandørs.

Om rett til å klaga på vedtaket, sjå vedlagt orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd).

for avdelingssjefen

Tore Svendsen
sakshandsamar

Kopi: May – Britt Carlsen, 5957 Myking
Lindås kommune, Geo avd., Rådhuset, 5914 Isdalstø



LINDÅS KOMMUNE
Teknisk etat
Byggesaksavdelinga
5914 Isdalstø

Arkiv: 044/039
Saksmappe: 03/01603-4
Sakshandsamar: Tore Svendsen

Bygg Team AS

5957 MYKING

ARKIV

Saksnr	Sakstype	Vedtaksdato
262/03	<i>Delegert sak handsama av bygningssjefen</i>	19.09.2003

Byggjesak - Bygging av tilkomstveg. Planering av tomt May-Britt Carlsen - Gnr 044 Bnr039/040 Skauge

Dokument :

Søknad om løyve til tiltak, motteken(komplett) 01.09.2003.

- situasjonsplan i målestokk 1: 500
- kvittering for send nabovarsel(i flere trinn)
- nabomerknader
- søknad om lokal godkjenning av føretak
- søknad om ansvarsrett
- avtale om kryssing av naboeigedom, gnr 44/3, 4
- avtale om kryssing av naboeigedom, gnr 44/8
- framlegg til kontrollplan for utføring
-
-

Saksutgreiing :

Søknaden gjeld bygging av tilkomstveg og planering av byggjegrunn i tillegg til rørleggararbeid i grunn.

Det er kome følgjande fellesmerknad frå naboeigedom, bnr 11:

- Nabovarsel er sendt feil person. Kommentar: Retta opp. Ny sendt 01.09.03.
- Evnt. skade på forstøttingsmur mellom kommunal veg og bnr 11 må dekkes av kommunen eller søker/transportør. Kommentar: Den som er årsaka til skade har ansvaret for å utbetra denne.
- Privat brønn på bnr 39/40 som forsyner bnr 11. Kommentar: Privatrettsleg tilhøve som kommunen ikkje kan blanda seg opp i.

Det ligg ikkje føre søknad om avløpsløyve.

Vurdering:

Bygningssjefen har ingen merknader til at det vert sett i gang arbeid med å anlegga tilkomstveg til bnr 39 og 40, slik det er søkt om. Bygningssjefen har heller ingen merknader til at tomta vert planert slik det er søkt om, men bygningssjefen ønskje innseint opplysningar som viser kva for kotehøgde som skal nyttast på topp grunnmur/o. k. golv lågaste etasje.

Dersom den kommunale vegen vert ringa i kvalitet skal vegen utbetrast slik at den kjem i fullgod stand.

Dersom det også er tenkt avløp skal det sendast inn søknad om å få slikt løyve. Kontrollform for slikt anlegg skal vera ”uavhengig” dersom det vert nytta føretak som har mindre enn 5 tilsette. Slik opplysning skal leggast ved søknaden om ansvarsrett.

Vedtak:

Søknaden om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 93, vert godkjent i samsvar med innsende planar og utgreiingar elles på følgjande vilkår :

1. Kotehøgde for topp grunnmur/o.k. golv lågaste etasje vert å sende inn.
2. Dersom avkørysle skjærer av veggroft skal det leggjast ned 8" overvassrøyr.
Før arbeida starter opp skal det takast synfaring på den kommunale vegen saman med kommunen sin vegseksjon.

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år(jf. Pbl. § 96).

Godkjenningar (Pbl §§ 93 b, 98 og 98 a)

Bygg Team A/S, 5957 Myking, vert godkjent som ansvarleg SØK.

Bråthun Maskin A/S, 5362 Omastrand vert godkjent som ansvarleg føretak for all veg- og planeringsarbeid, samt som ansvarleg utførende(UTF) for røyrarbeidet i grunn. Føretaket vert **ikkje godkjent** som ansvarleg kontrollerande for dette arbeidet. Ny søknad som ansvarleg kontrollerande skal sendast inn.
Grunngjeving: Bygningssjefen ønskjer uavhengig kontroll(form).

Om rett til å klaga på vedtaket, sjå vedlagt orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd).

for bygningssjefen

Tore Svendsen
sakshandsamar

Kopi: May-Britt Carlsen, 5957 Myking
Leif Buene, Lyshovden 306, 5148 Fyllingsdalen
Magnus Buene, Snekkevik, 5350 Bratholmen
Marit Aslaug B.Olsen, Vigeveien 24D, 4633 Kristiandsand S
Trond Buene, Skjoldberg 14A, 5238 Rådal
Vegseksjonen, her